



Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep.
0030 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besokadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høyring - forslag om nye krav til årsrapport og årsrekneskap for statlege verksemdar

1. Generelt

Fylkesmannen i Rogaland er einig i at ein bør freiste å standardisere statleg årsrapportering med omsyn til innhald og struktur. Vi støttar difor måla på side 3 i høyringsnotatet. Vi er også einige i at årsrapportane bør publiserast, men då må dei publiserast i ei klar, leselig form, med søkjeord etc. Vi er difor usikker på om overordna krav til innhald i årsrapporten lar seg kombinere med ein lesevenleg versjon, mynta på folk flest.

Vi ser at standardisering vil vere krevjande å få til, kanskje det er behov for fleksibilitet ut frå dei ulike verksemdene sine behov. Det som er viktig å unngå er at standardiseringa medfører at oppdragsgivande departement bestiller egne rapportar for å løyse behov som standardrapporten ikkje omhandlar.

Fylkesmannsembeta har ein rimeleg god årsrapporteringsrutine i dag. Men heller ikkje denne dekkjer alle saksfelte våre og fører til at det framleis er eit behov for egne rapportar, f. eks. når det gjeld tilsyn. Eit hovudkrav til statleg standardrapportering er at denne rapporten er uttømmende i forhold til det rapporteringskravet som verksemda har.

Eit anna hovudproblem med årsrapporteringa har vore at den kan bli for detaljert på ein del av resultatmråda. Ei standardisering må ikkje føre til ein auke i dette, men tvert om, føre til mindre detaljrapportering. Ei viktig målsetjing må vera forenkling. Då er det nødvendig å minske detaljeringsgraden. Dette kan ein berre gjere dersom embetsoppdraga blir mindre detaljerte.

2. Dei konkrete høyringsspørsmåla

1) Er det ønskelig å etablere overordnede krav til innhold, struktur og publisering av årsrapporter fra statlige virksomheter?

Det er ikkje vanskeleg å sjå grunngevinga for dette, men ein bør også vurdere moglege tilpassingar for verksemdene, slik at det ikkje oppstår nye behov for særreportar. Det vil vere det verste.

2) Bør det være krav om å publisere tildelingsbrev, årsrapporter og årsregnskap for

Statlige virksomheter?

Heilt klart ja, men det vil krevje at rapportane har ei form og eit innhald som gjer dei leselege for ålmenta. Den må då også ha ein lesarvenleg layout, eit opplegg for elektronisk søking, samt avspegle statlege kommunikasjonsprinsipp. Då spør det om ikkje det vil kollidere med styringsdepartementa sine krav og ønskjer.

3) Er det en hensiktsmessig løsning at informasjon som unntas offentlighet tas inn i vedlegg til årsrapporten?

Hovudpoenget bør vere at alt i årsrapporten kan publiserast, dvs. at årsrapporten ikkje skal innehalde sensitivt materiale, eller av andre årsaker skal unntakast med heimel i Offentleglova.

4) Bør frist for oversendelse av årsrapport med årsregnskap være 1. mars eller 15. mars?

Her har vi ingen spesielle synspunkt.

5) Hvilken hjelp og veiledning har din virksomhet behov for som følge av de nye kravene til årsrapport og årsregnskap?

Vi finn det sjølv sagt at det blir satt av ressursar og tid til rettleiing og opplæring.

6) Bør det fastsettes en maksimumsgrense for antall sider for årsrapport(eksklusive vedlegg)?

Nei, det bør eigentleg ikkje vere nødvendig, men det kan vere eit rettleiande sidetal på kvart kapitelpunkt.

7) Vil forslaget til struktur på årsrapportene gi et mer strategisk styringsgrunnlag for departementet?

Nei, vi kan eigentleg ikkje sjå at strukturen er det viktigaste her. Det blir meir eit spørsmål om styringsdepartementa har hovudfokuset sitt på det strategiske eller på detaljane.

8) Bør det være anledning til å gjøre unntak fra kravet til inndeling av årsrapporten i Punktene I til V for virksomheter som allerede har etablerte og godt innarbeidede årsrapporter?

På bakgrunn av at vi støttar grunngivinga for kravet om standardisering, må vi svare nei på dette.

9) Er det naturlig at virksomhetsleders signatur knyttes direkte til punkt I Leders beretning, eller bør signaturen først plasseres etter punktene I-V?

Vi kan ikkje sjå den formelle grunngivinga for dette, og vil difor ikkje meine noko her. Det vil jo uansett vere slik at verksemdsleiar er ansvarleg for heile verksemda sine resultat.

10) Dagens regelverk forutsetter at årsrapporten skal være i henhold til krav i tildelingsbrevet. I høringsutkastet åpnes det for at virksomheten i tillegg kan ta opp forhold som ikke er nevnt i tildelingsbrevet, men som vurderes som viktige. Er dette en hensiktsmessig utvidelse av innholdet i årsrapporten?

Det er det absolutt, men vil i praksis ikkje avvike så mykje frå dagens system

11) I dag inneholder tildelingsbrev ofte oppdrag og rapporteringspunkter som ikke er av Strategisk betydning for virksomheten. I høringsutkastet anbefales det å ta slik rapportering inn i vedlegg. Formålet med dette er å opprettholde det strategiske nivået på rapportering. Er det hensiktsmessig å skille mellom strategiskrapportering og annen rapportering?

Vi skjønner ikkje kva ein meiner her. Fylkesmennene har eit system med embetsoppdrag frå 12 departement og fleire direktorat. Embetsoppdraga er delte inn i resultatområde. Oppdragsgivarane vil forvente rapportering på alle resultatområda, anten i ein fellesrapport eller i særreportar. For ei verksemd som vår ville det vere umogeleg å skilje mellom oppgåver av strategisk art og andre oppgåver. Å skilje mellom strategisk rapportering og anna rapportering gir derfor inga mening for oss. Hovudutfordringa er for oss heller at embetsoppdraga blir for detaljerte slik at det strategiske blir tapt av syne.

12) Gir anbefalingene til innhold under punkt III Årets aktiviteter og resultat en rimelig balanse mellom behovet for detaljering og et ønske om begrenset omfang på rapporten?

Vi synest tilrådingane under dette punktet er gode og fornuftige. Likevel er det slik, som vi har vist til før, at detaljeringsgraden i rapporten meir heng saman med detaljeringsgraden i embetsoppdraga og forventningar til overordna styresmakt.

Fylkesmannen er tilhengar av at rapporteringa ikkje primært skal vere av deskriptiv art (kva vi har gjort), men meir rette seg mot kva vi har oppnådd og avvik i forhold til mål.

13) Er det andre forhold vedrørende styring og kontroll i virksomheten som bør inngå i den årlige tilstandsrapporteringen i årsrapporten?

Vi støttar det høringsdokumentet sjølv seier, nemlig at "Et departement vil vanligvis ikke ha behov for å få en fullstendig redegjørelse om virksomhetens støtte- og styringssystemer hvert år".

Det er derfor viktig at ein er tydeleg på kva ein konkret ønskjer rapportert under dette punktet. Igjen vil vi understreke behovet for ikkje å måtte rapportere med for høg detaljeringsgrad. (På same måte som det ikkje må stillast krav om eit resultat- og risikostyringssystem på eit for detaljert nivå.)

14) Bør vurderingene av framtidsutsikter også inneholde en konkret vurdering av hvordan virksomhetens nåværende strategiplan vil bli påvirket, selv om dette er virksomhetens og ikke departementets plan?

Dette synest lite aktuelt for oss då vi ikkje har strategiske planar som ikkje heng saman med prp.1, tildelingsbrev eller embetsoppdrag. Kapittelet gir oss likevel eit høve til å melde tilbake til overordna styringsdepartement om korleis statleg politikk verkar i fylket vårt og kva som er dei framtidige utfordringane er for fylket.

15) I mange deler av staten er det utarbeidet langtidsplaner eller strategier for egen sektor (eksempelvis Nasjonal transportplan – NTP). Hva bør være forholdet mellom punkt V i årsrapporten og slike langtidsplaner?

Synes ikkje aktuelt for fylkesmannsembeta.

3. Krav til årsrekneskap

Når den gjeldende krav til årsrekneskap (spørsmåla 16 - 20) har vi ikkje mange kommentarar. Samla vil vi trekkje fram følgjande:

Fylkesmannen er for ei standardisering som dreg nytte av at alle statlege føretak snart skal bruke den same kontoplanen.

Mykje av det som kjem no i samband med standardisering av rapportering innan staten vil vere lagt opp mot dei som bruker SRS, Det gjer ikkje vi og har då ikkje periodisert rekneskap, anleggsregister, avsetningar osv og vi har hatt standard kontoplan sidan 2012.

Det er ikkje sikkert at vi vil oppfatte notebruken som formålstenleg for oss. Samtidig kan det vere greitt at vi faktisk må seie noko om uteståande fordringar, og balansepostar generelt.

Vi vil peike på at årsrekneskapen har fleire manglar. Det vil ikkje kunne erstatte dagens ressursrapportering som både omfattar kap.1510 og framandkapitla. Ideelt burde vi hatt ei årsrekneskapsrapportering, kor kap.1510 og framandkapittel er kan sjåast i samanheng, men vi ser ikkje for oss korleis det kan skje.

Det kjem som kjent ny kassarapport i 2014. Då vil det vere samsvar mellom kontoplanen vi bruker no og statskonti. Det er ein stor fordel og vil gjere det lettare å lese dei i samanheng.

Med helsing

Harald Thune
ass. fylkesmann

Arild Michelsen
avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Arild Michelsen
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 12
E-post: fmroami@fylkesmannen.no